

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Kjetil Seljelid

Veråsvegen 50 a/b  
5955 LINDÅS**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**

Ingrid Bjørge Pedersen

**Vår ref.**2012/707 - 0 -  
28612/2012**Telefon****Arkivkode:**

108/526

**Dato:**

04.12.2012

*Delegert sak***Løyve til etablering av forstøtningsmur på GBnr 108/526-Lindås****Delegasjonssak:**

Kommunen gjev løyve til etablering av forstøtningsmur i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 15.05.12 og 12.11.12, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

**Ansvar og kontroll**

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
CFR Betong	S	UTF Plasstøpte betongkonstruksjoner og montering av bærende metall- eller betongkonstruksjoner (2)
	L	PRO av forstøtningsmur med bærende metall- eller betongkonstruksjoner. 1

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning

**Søknaden**

Det søkjast om etablering av forstøtningsmur mot veg. Mur er allereie etablert. Det søkjast om ansvarsrett for utførande. Administrasjonen etterlyste ansvarsrett på prosjekterande del. Tiltakshaver har ettersendt dokumentasjon på prosjekterande arbeider. Tomta grenser til fylkesveg. Det er søkt om, og gjeve løyve til dispensasjon i frå avstandskrav. Denne søknaden er handsama av Statens Vegvesen.

**Nabotilhøve og andre sine kommentarar**

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

### Uttale frå andre mynde

Statens Vegvesen har vurdert avstand til fylkesveg. Det er gjeve løyve til dispensasjon i frå avstandskrav.

### Plangrunnlag

Eigedommen vert omfatta av Kommuneplan for Lindås, vedteke 22.09.2011.

Tomta ligg i området regulert for bustadføremål.

### Veg og tilkomst

Tomta grensa til fylkesveg.

### Plassering og høgdeplassering

Det er innsendt kotehøgder for tomta, forstøtningsmur og bilveg.

Det er administrasjonens vurdering at muren er gjeve ein god plassering. Generell vedlikehald av veg og eventuelle nedgravde rør er gjort mogeleg, og forstøtningsmuren er ikkje til hinder for sikt langs vegen. Muren er godt terrengtilpassa, og er gjeve ein estetisk utførelse som tilpassa seg området den står i.

### Oppsummering og konklusjon

Administrasjonen finn å kunne godkjenne søknad om etablering av forstøtningsmur.

### Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2a3 Støttemur	1	7.100
<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>1</b>	<b>7.100</b>

### Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Einar Urheim  
fagleiar byggesak

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar